

---

Vår referanse 2021/2087-4  
Dato 19.02.2021

---

BYGGADMINISTRASJON HARALD BJØRNDAL AS  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Att. Annette Høllesli

## Merknader til endring av planavgrensning i pågående reguleringsplan på Troppo - gnr 15 bnr 11 - gnr 14 bnr 1 - Ølve - Planid 20110014 - Kvinnherad kommune

Viser til brev av 21.01.2021 med varsel om endring av plangrense og ny høyring av planprogram for småbåthamnanlegg på Troppo i Ølve i Kvinnherad kommune. Viser og til tidlegare korrespondanse vedrørende reguleringsplan (vår ref. 2017/4663).

Vestland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå sektoransvaret til fylkeskommunen og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Strandsone

I takt med aukande utbygging av fritidsbustader er det trong for båtplassar på Ølve. Det er vedteke båtplassar plassert i eit område som no har strand og badeplass, og ein søker å finne betre alternative lokasjonar. Det er ein føresetnad i planarbeidet at areal for småbåthamn i eksisterande plan vil bli tatt ut av gjeldande plan med ID: 20110014, når ein no legg til rette for ny tilsvarende småbåthamn på alternativ stad. Tiltakshavar vurderer at planinitiativet vil medføre ein betre forvaltning av strandsona enn høve vil vere ved å realisere dagens godkjente småbåtanlegg.

Fire ulike alternativ for plassering av småbåthamn med veg og parkering er vurdert i planprogrammet, med konsekvensvurdering. Ein har kome til at alternativ 3 er den beste lokasjonen.

Fylkeskommunen viser til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som vart stadfesta i KMD i 2020. Det er eit mål i planen at:

Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne.

Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Det går fram av planen at: *Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes boder, toalett/dusjrom og felleslokale knytt til båthamner på land. Båtslipp skal gjerast tilgjengeleg for allmenn bruk slik at båtar og kajakkar kan lagrast annan stad, men setjast på sjø på eigna område. Dette gir også moglegheit for at naust kan liggja lenger unna sjøkanten. Parkering og anna som ikkje treng ligge til sjø, skal om mogleg trekkast lengre vekk frå sjøen.*

Vi kan sjå at opphavsleg lokasjon er uheldig med omsyn til ålmenta når badeplass og strand med skjelsand er etablert i området. Likevel vurderer vi at 130 båtplassar, med 110 til eigarar av fritidsbustader og 20 til bebuarar i området, er vel mykje for området, og bør reduserast. Fylkeskommunen ber også om at ein reduserer talet på parkeringsplassar så langt som er mogleg, og at ein tek omsyn til terreng ved utforming av veg og parkering.

### Veg og infrastruktur

Me viser til nytt kryss mellom fv. 575 og den kommunale Skarvatunvegen, som er bygd i tråd meg gjeldande detaljreguleringsplan for Skarvatunkrysset ( planid. 20170004). Tekniske planar er godkjende og gjennomføringsavtale signert, men før ein kan tillate utvida bruk av ferdigbygd kryss må det godkjennast av Vestland fylkeskommune.

#### Kulturarv

Den planlagde endringa tek opp i seg at arealet til det gamle småbåtanlegget lengre sør kan fjernast gjennom planen. Elles får planendringa små konsekvensar for land- og sjøareal i høve til tidlegare innspel frå fylkeskonservator i dåverande Hordaland fylkeskommune av 30.05.2018 (vår ref. 2017/4663-13). Synfaring vart gjort 23.05.2018 og det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området. Tilkomsstvegen var planlagt i eit SV - NA gåande drag og store deler av denne vil med det vere lite synleg frå områda rundt. Saka vart og send Bergens Sjøfartsmuseum 06.06.2017 utan at det kom merknader. Vi har elles ingen andre merknader til kulturminne og kulturmiljø på dette stadiet i planprosessen.

Sakshandsamarar:

Lars Øyvind Birkenes, Kulturarv

Nina Gjester Hoel, Plan, klima og folkehelse

Med helsing

Eva Katrine Taule  
fagleiar

Nina Gjester Hoel  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

KVINNHERRAD KOMMUNE Rosendalsvegen 10